

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG


Att. Are Frøysland Grande

## Varsel om kulturhistorisk synfaring – Mellombels fråsegn - Dispensasjon frå kommuneplan - oppføring av hytter – gnr. 124, bnr. 29 - Kjeilegavlen - Alver kommune

Viser til brev datert 19.01.2021 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Historikk


I brev datert 19.01.2021 er det vist til at delings-saka blei sendt ut på høyring i 2014. Vi hadde då ingen merknadar i saka, dette fordi tomtene hadde ein annan plassering.




Figur 1. Mottekte situasjonsplan 2014

### Innsende dispensasjon 2021

Plasseringa av tomtene er no endra, det er i tillegg vist ny tilkomstveg samt vann og avløp.



Figur 2. Tomtene vist i gjeldande kommunedelplan



Figur 3. Innsendte situasjonsplan som viser tomter med tilhørende veg og VA

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men det er registrert fleire lokalitetar med forhistorisk busetjing i nærrområda. Noverande plassering si høgde over havet og topografiske høve indikerer at det er potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne i området. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd og når maka er snø- og telefri.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*